

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG fram slikt forslag:

«tilleggsforslag til «Grøn konkurranseskraft og klimainnovasjon», tilføy «reparasjon» til kulepunkt «• Legge til rette for sirkulærøkonomi ved gjenbruk, sirkulasjon av ressursar og materialgjenvinning.» slik at det lyder:

- Legge til rette for sirkulærøkonomi ved gjenbruk, reparasjon, sirkulasjon av ressursar og materialgjenvinning»

tilleggsforslag til avsnittet «Mineralressursar» i handlingsprogrammet (side 17-18):

Med si deltaking i mineralrådet vil Fylkeskommunen jobbe for at mineralnæringa ikkje fører til forverring av miljøtilstanden i vassførekomstar eller fører til ei negativ utvikling for andre næringar som fiskeri, akvakultur og reiseliv»

Sigrid Brattebo Handegard (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endringsframlegg til 1. setning i pk 2

Det vert sett av inntil 3 millionar til regionale etablerarfond forvalta i tråd med gjeldande praksis i 2020»

Avrøysting

Brattebo Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke

Mark Taylor sit forslag vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (FrP)

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020».
2. Det vert sett av inntil 3 mill. kroner til regionale etablerarfond forvalta i tråd med gjeldande praksis i 2020. Midlane til fondet skal delvis finansierast av fylkeskommunale renteinntekter i 2019, og delvis av midlane som er sett av til bedriftsretta lånene- og tilskotsordningar til distrikta under kap. 553, post 61 i statsbudsjettet.
3. Det er øyremerk fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkesdirektøren utarbeider ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.
4. Fylkeskommunen vil i nær dialog med samarbeidspartar innan næringsliv og offentleg sektor starte arbeidet med «smart spesialisering» som metode for regional næringsutvikling i 2020.